FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Merete Farstad
Telefon: 57 65 51 56
E-post: mf@fmsf.no

Vår dato
24.02.2010
Dykkar dato

Vår referanse
2009/4824 - 443.2
Dykkar referanse

Etter adresseliste

Forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Sogn og Fjordane 2010-2014

Vi viser til oversending av 4.12.2009 med forslag til ny forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure.

./. Fylkesmannen har vurdert høyringsmerknadene og vedtatt forskrift for fiske etter laks og sjøaure i vassdrag i Sogn og Fjordane for perioden 2010-2014. Vedlagt følgjer den endelege forskrifta.

Samandrag

Fylkesmannen har vurdert høyringsinnspela og vedtatt ny forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure.

- Hovudendringar i forskrifta i forhold til førre periode;
  - Det blir ikkje opna for fiske i Flåmselvi og Kvamselva
  - Det blir ikkje opna for fiske etter laks i Redalselva og Rivedalselva
  - Fiske blir avslutta i alle vassdrag seinast 31.8 med unntak av Gaula der fiske blir avslutta 15.9
  - Fisketida i Nausta og Daleelva i Høyanger er redusert med 4 veker
  - Fisketida i Sogndalselvi er redusert med 2 veker
  - I Lærdalselvi er det vedteke å opne for fiske etter laks 1.6-31.8
- Det blir framleis ikkje opna for fiske i Ytredalselva (Vadheim).
- Det blir framleis ikkje opna for fiske etter laks i Aurlandselvi, Fortunselvi, Mørkriselvi og Jølstra. Det blir opna for fiske etter sjøaure i Jølstra mellom kl 20 og 06.
- Det blir framleis ikkje opna for fiske etter sjøaure i Lærdalselvi.
- Fiskesesongen blir oppretthalde i Gaula og Osenelva, fordi fisket er stramma inn gjennom lokale fangstkvotar.
- I tillegg er det vedtatt lokale reglar for å avgrense fisket i fleire vassdrag.
- I nasjonale laksevassdrag skal bestandsoppgangen vurderast midt i fiskesesongen, slik at det kan settast i verk tiltak om nødvendig. Midtvegsrapportering blir og innført i vassdrag som har problem med å nå gytebestandsmålet.

Innleiing

Fylkesmannen skal vedta ny forskrift om fiske etter laks og sjøaure i vassdrag for perioden 2010-2014, etter retningsliner frå Direktoratet for naturforvaltning (DN). Vi har vurdert bestandsstatus, gytebestandsmål og innspel frå lokal forvaltning. Fiskereglane skal følgje dei vitskaplege råda frå det internasjonale havforskingsrådet ICES og moderne

forvaltningsprinsipp, som føre-var-tilnærminga. Desse råda går ut på at laksefisket bør baserast på dei bestandane som fullt ut utnytter produksjonskapasiteten.

Fylkesmannen skal bruke fisketid som hovudverkemiddel til å regulere fisket. I vassdrag med tilfredsstillande lokal organisering skal forslag til fiskereglar utarbeidast lokalt, dersom det er vilje til dette. Bruk av fangstkvoter er eit lokalt verkemiddel og kan vere eit supplement til å regulere fisketida i dei elvane som oppnår gytebestandsmål.

Lokale lag vart inviterte til å foreslå fiskereglar i brevet av 20.10.09 og på møtet med elveeigarlaga på Skei 05.11.09. Fylkesmannen har mottatt lokale forslag som gjeld seks vassdrag, og desse innspela vart vurdert i høyringsforslaget. Forskriftsrevisjonen har også vore diskutert i Samarbeidsrådet for laks og sjøaure. Rådet består av representantar for elveeigarane, sjølaksefiskarane, sportsfiskarane (NJFF) og kommunane i Sogn og Fjordane.

Høyringsforslaget

Høyringsforslaget la opp til å redusere fangsten av laks og sjøaure i mange vassdrag. Dei viktigaste vurderingane og forslaga til endringar var:

- Den ytre fisketidsramma gitt av Direktoratet for naturforvaltning er 1.6 – 31.8. Det er foreslått å avslutte fisket seinast 31.8 i alle vassdrag.
- I vassdrag med god lokal forvaltning har det vore opna for at reglane kan utarbeidast lokalt, og at det lokale regelverket skal liggje til grunn for den foreslåtte fisketida.
- Generell hovudfisketid 15.6 - 31.8 er foreslått vidareført for vassdrag som ikkje er nemnd spesielt i forskrifta.
- Det er foreslått å ikkje opne for fiske i Flåmselvi, Nærøydalselvi, Ytredalselva (Vadheim) og Kvamselva og å ikkje opne for fiske etter laks i Aurlandselvi, Fortunselvi, Mørkridselvi, Jølstra, Rivedalselva og Redalselva. I Lærdalselvi er det foreslått å opne for fiske etter laks men ikkje etter sjøaure.
- I nasjonale laksevassdrag skal bestandsoppgangen vurderast midt i fiskesesongen. Midtvegsrapportering blir og innført i vassdrag som har problem med å nå gytebestandsmålet. Det er aktuelt å inngå førehandsavtalar om tiltak dersom tilsiget av fisk er lågt.

Nasjonale laksevassdrag

I nasjonale laksevassdrag skal fiskeoppgangen vurderast midt i sesongen. Elveeigarlaga må lage ein plan for dette og vurdere kva metode som er best eigna i eige vassdrag. Det må settast i verk tiltak dersom det er fare for at gytebestandsmålet ikkje blir nådd. I Sogn og Fjordane har følgjande vassdrag status som nasjonale laksevassdrag: Nærøydalselvi, Flåmselvi, Lærdalselvi, Årøyelvi, Vikja, Gaula, Nausta, Stryneelva, Oldenelva og Eidselva.

Endringar i forskriftsperioden

Fiskereglane skal som hovudregel liggje fast for ein femårsperiode. Det kan likevel oppstå situasjonar der reglane må vurderast på nytt og eventuelt endrast også innanfor femårsperioden. Alvorlege endringar i menneskeskapte påverknader eller uventa kraftige naturlege svingingar i lakseproduksjon og innsig kan gjere det nødvendig å endre fiskereglane. Dersom det blir etablert tilfredsstillande lokal organisering i vassdraget, kan også reguleringsregimet vurderas på nytt.

Innkomne merknader og vår vurdering

Fiskesesong (hovudregel)

Det kom ikkje merknader til forslaget om å oppretthalde 15.6 - 31.8 som generell fisketid for vassdraga som ikkje blir omtalt spesielt i forskrifta.

Gjennomgang av vassdrag med endringar/innspel i alfabetisk rekkefølgje:

Aurlandsvassdraget:

Det kom ikkje merknader til forslaget om å avgrense fisketida for sjøaure til 31.8.

Daleelva i Høyanger:

Høyanger jakt- og fiskelag: Det kom ikkje merknader til forslaget om avkorting av fiskesesongen med ein månad, fisketida etter laks og sjøaure blir frå 15.6 til 31.8. Lokale kvotar må føreleggjast Fylkesmannen kvart år. Det blir innført midtvegsrapportering for Daleelva. Det må avtalast tiltak med Fylkesmannen som skal gjennomførast dersom gytebestandsmålet ikkje ser ut til å bli nådd på grunnlag av midtvegsrapportering t.d. stenging av fiske.

Flåmselvi:

Flåm elveeigarlag: Laget vil at Flåmselvi i utgangspunktet skal vere open for fiske i perioden 2010 – 2014 med same fangstperiode som sist dvs. 1.7 til 15.8, men med følgjande fangstrestriksjonar; maks grense for fiske av 50 laks gjennom sesongen, maks ein laks pr fiskar pr døgn, berre flugefiske og kviletid mellom 12.00-17.00. Laget vil oppfordre til ”catch & release” og ønskjer å sette i gong kultiveringstiltak ved å sette ut laks over Leinagjelet. Laget vil søke om å sikre villakstammen i genbanken i Eidfjord. Laget har på eige initiativ stengd vassdraget for fiske i 2009.

Vår vurdering: Gytebestandsmålet er i følgje Vitenskapelig råd for lakseforvaltning ikkje nådd, gjennomsnittleg måloppnåing var 65 % siste fire år. Det vart registrert svært lite gytefisk hausten 2008 og gytebestandmålet var langt frå å bli nådd. Gytefiskregistreringar hausten 2009 synte at det stod tilstrekkeleg med gytefisk av laks i elva til å nå gytebestandsmålet. Registreringane vart utført av Rådgivende Biologer AS. Dersom Flåmselvi hadde vore opna for fiske i 2009, hadde gytebestandsmålet truleg ikkje blitt nådd.

Kvotereguleringane som er foreslått, reknar vi ikkje med er tilstrekkeleg for å få ein betydeleg fangstreduksjon i vassdraget. Det er foreslått ei kvoteavgrensing på 50 fisk i sesongen og ein laks pr fiskar i døgnet. Det er ikkje opplyst om tal fiskarar eller kor stor effekt dette tiltaket er venta å få. Det er ikkje meld inn fangst på over 50 laks sidan 1995. Ein sesongkvote på 50 laks vil slik sett ikkje vere noko fangstavgrensing. Det bør i gytesesongen stå 50-60 laks i elva. Under gytefiskteljing i 2009 vart det talt berre vel 60 laks til tross for at det ikkje har vore opna for fiske etter laks i 2009. Det var svært lite overskot av fisk å hauste av i 2008 og 2009.

Registreringar av gytefisk av sjøaure i 2009 er omtrent på same nivå som registreringane i 2006. Då var gytebestanden av sjøaure blant dei lågaste som var registrert sidan 1990 (kjelde Rådgivende Biologer AS). I 2006 vart relativt få fisk fiska, medan det i 2009 ikkje har vore fiska etter sjøaure.

Laksen i Flåmselvi er sårbar for overfiske og det er ikkje noko vidare overskot av laks å hauste av. Sjøaurebestanden er og marginal. På bakgrunn av dette blir det ikkje opna for å fiske etter laks og sjøaure for perioden 2010-2014. Dersom gyteteljingar viser at gytebestanden stabiliserer seg over gytebestandsmålet, kan det bli aktuelt å opne for fiske i perioden.

Flytting av sportsfiskefanga laks kan vere eit godt tiltak for å styrke lakseproduksjonen. Dette må avklarast som eiga sak.

Fortunselvi

Fortun grunneigarlag støttar forslaget om å ikkje opne for fiske etter laks. Fiskesesongen for sjøaure bør forskyvast i tid med om lag to veker, dvs. seinare oppstart av fiske etter sjøaure frå 15-20.7 til 15.9. Laget reknar med at dette vil redusere uttaket av laks. Det er eit aukande problem at laks som blir fiska, ikkje blir sett ut att i vassdraget. Ein seinare oppstart av fiske vil spare den oppvandrande laksen best mogleg. Det er lite oppvandring av sjøaure før midten av juli.

Vår vurdering: Fangstane av sjøaure i Fortunselvi har falle jamt sidan 2002 med dei dårlegaste fangstane i 2008 og 2009. Dei to siste åra er fangstane av sjøaure halvert i forhold til perioden 2004-2007. Dette indikerer redusert gytebestand dei to siste åra og samsvarer med det generelle bilete av den dårlege tilstanden for sjøaurebestandane i Sognefjorden. For å sikre tilstrekkeleg med gytefisk av sjøaure, vil vi avgrense fiske etter sjøaure til 31.8. Laget bør organisere oppsyn med fiske for å sikre at laks tekne på sportsfiskeutstyr blir sett ut att. Fisketid for sjøaure blir 1.7 til 31.8.

Gaula:

Gaula elveeigarlag: Laget ønskjer å halde fram med kvoteordning som blir satt i samarbeid med NINA med fisketid 1. juni til 15. september. Kvart år blir det føreteke ei ny vurdering av tilstanden i Gaula av T. Forseth ved NINA. Ut frå denne vurderinga kjem Forseth med ei tilråding til kvoter for kommande sesong, samt eventuelle andre avgrensingar som bør innførast for å ivareta villaksstammen på ein best mogleg måte. Kvotane for avliving av laks er fordelt på dei forskjellige sonene i elva. Innanfor kvar sone har fiskerettshavarane vist ei streng praktisering av reglane.

Vår vurdering: Vi foreslo at fisketida for Gaula fylgjer den ytre ramma for fisketid satt av Direktoratet for naturforvaltning til 1.6 - 31.8, dvs innkorting av fisketida med to veker i slutten av sesongen. Elveigarlaget har følgt opp kvotereguleringa og ser ut til å nå gytebestandsmålet også for 2009 etter ei førebels vurdering av NINA. I retningslinene for regulering av fiske i elv og sjø fastsett av Direktoratet for naturforvaltning kan det unntaksvis settast lengre fisketid i eit vassdrag dersom bestanden toler det og det er ei forsvarleg forvaltning og eit sterkt ønske om utvida fisketid frå lokalt hald. Laget tar ansvar og har god organisering, gytebestandsmålet nås og det er eit sterkt ønske om lokal forvaltning av vassdraget. Fisketida for laks og sjøaure blir 1.6 til 15.9.

Gloppenelva:

Gloppen elveeigarlag: Laget har dei siste 15 åra hatt lokale fiskereglar i elva med avgrensingar på reiskapsbruk og døgnkvote. Mellom Evebøfossen og Eidsfossen er det innført flugefiske i perioden 15.08-15.09 dei siste tre åra. Elva har ein berekraftig bestand der gytebestandsmåla er nådd, og det er høge tettleikar av ungfisk dei tre siste åra. Dei første dagane i fiskesesongen, med oppstart 15.6, gjev gode fangstar. Laget ønskjer å starte fiske

tidlegare slik at fangsten blir jamnare. Mykje rømt oppdrettsfisk kjem opp i siste halvdel av august og i september. I siste halvdel av september kjem det opp ein del grov aure. Avgrensing av fiskesesongen i slutten av sesongen er uheldig, sidan det vil gi mindre fiske på rømt oppdrettsfisk. Laget foreslår fiske etter laks og sjøaure nedanfor Evebøfossen i perioden 1.- 15.09 der all villaks settast ut att i perioden 15.8 - 15.9. I Gloppenelva ovanfor Evebøfossen er det foreslått fiske etter laks 1.6 - 15.8 og 1.6 - 15.09 for sjøaure.

Gloppen hotell foreslår at den ytre ramma for fisketid med ein del avgrensingar/justerinar, må leggast til grunn. Dette vil gi jamnare fangst. Gloppenelva har berekraftige bestandar som vil tole dette. Dei foreslår fisketid for laks nedanfor Evebøfossen til 1.6-15.8 og ovanfor Evebøfossen 15.6 til 15.8. Fiske etter sjøaure og rømt oppdrettsfisk er føreslege til 1.6-15.9.

Vår vurdering: Oppdrettsandelen i sportsfiske er høg og ligg på ca 20 % i gjennomsnitt siste ti år, med innslag opptil 30 % rømt oppdrettsfisk. Det bør settast i verk målretta tiltak mot rømt oppdrettsfisk. Vi er einig med Gloppen elveigarlag og Gloppen hotell at etter 15.8 skal det berre opnast for fiske etter sjøaure og rømt oppdrettsfisk. I 2008 var tettleiken av gytte lakseegg over gytebestandsmålet på 2 egg/m² nedanfor Eidsfossen i 2008, men berre 1,3 egg/m² fordelt på det totale lakseførande arealet i vassdraget (Rågivende Biologer AS). Beskatningsraten var på 65 % i 2008. Det er verd å merke seg at under gytefiskteljing er innslaget av rømt oppdrettsfisk inkludert i talmaterialet. Med prognosar på dårlegare innsig dei kommande åra, jamt høg andel av rømt oppdrettsfisk og forholdsvis høg beskatningssrate, gjer at vi ikkje opnar for fiske etter laks og sjøaure 1.6-15.6. Fiske etter laks kan halde fram til 15.8 og fiske etter sjøaure kan halde fram til 31.8. Frå 15.8 kan det på grunnlag av søknad og ev. løyve, vere eit retta fiske mot rømt oppdrettsfisk. Fisketida blir fastsett til 15.6-15.8 for laks og 15.6 – 31.8 for sjøaure, fisketida gjeld for heile elva.

Jøstedøla:

Det kom ikkje merknader til forslaget om å avslutte fiske etter laks og sjøaure 31.8.

Jølstra:

Førde elveigarlag/elveeigarar med fiskerett i nedre del av Jølstra v/Arne Høisæther:

Førde elveigarlag kalla alle med fiskerett i den lakseførande delen inn til møte i forståing med to grunneigarar som ikkje er medlem av laget. Møtelyden vedtok døgnfreding mellom kl 06.00 og kl. 18.00 i heile den lakseførande delen av Jølstra ned til Langebrua. Grunna fjøre og floproblematikk som avgrensar fisketida, blir det ikkje døgnfreding for fiske nedanfor Langebrua i Førde sentrum. Laget argumenterer med at ungfiskteljing hausten 2009 ser ut til å vere svært god jf. munnleg samtale med Rådgivende Biologer AS. Dei reknar med at forslaget til Fylkesmannen med å redusere fisketida med to timar i døgnet, vil medføre at 2/3 av Jølstra vil miste tre vekers utleige. Det opplysast om at fiskarane sin alder og helse tilseier at de ønskjer å fiske meir i dagslys enn i den mørkare delen av døgnet. Dei påpeikar at ingen andre elveigarlag i fylke har blitt pålagt ei slik døgnavgrensing i vassdrag der det ikkje er opna for laksefiske.

Vår vurdering: Laksebestanden i Jølstra er redusert. Ramma for eit retta fiske mot sjøaure vart diskutert med elveigarlaget i førre periode. Bifangst av laks under sjøaurefiske i 2008 og 2009 var høvesvis 115 og 70 laks. For å avgrense bifangst av laks, forslo vi å redusere fisketida med to timar. Vi vektlegg omsynet til villaksen og opnar for sjøaurefiske frå kl. 20 – 06 i perioden 10.7 – 31.8.

Kvamselva:

Det kom ikkje merknader til forslaget om ikkje å opne for fiske etter laks og sjøaure. Kvamselva blir ikkje å opna for fiske etter laks og sjøaure. Dersom gyteteljingar viser at gytebestanden stabiliserer seg over gytebestandsmålet, kan det bli aktuelt å opne for fiske i perioden dersom det i tillegg blir utarbeida gode rutinar for rapportering av fangstane.

Loelva:

Loen elveeigarlag: Forslaget er i tråd med vedtak i felles styremøte for Loen nedre og øvre elveeigarlag. Laget aksepterer å avslutte fiske etter sjøaure 31.8. Laga uttrykker og bekymring for ei høg beskatning av sjøaure i brakkvassområda ved utløpet av elvane i Indre Nordfjord.

Vår vurdering: Vi vedtek forslaget om å opne for fiske etter laks 1.7 – 15.8 og etter sjøaure 1.7 til 31.8.

Lærdalselvi:

Lærdal elveeigarlag gir følgjande presisering av tidlegare innsendte innspel om opning for fiske etter laks: Moglegheit for å opne for fiske etter laks, er knytt til søknaden om å få sette ut smolt i sjø for å oppretthalde ein havreserve av Lærdalslaks. Dersom laget får løyve til å sette ut smolt og elva ikkje er smittefri når denne laksen kjem tilbake for å gyte, er laget villig til å vurdere avgrensing av gytinga ved å opne for laksefiske. Dette blir i så fall tidlegast i 2012. Laget meiner at dei få laksane som står att i elva må få leve for å ta vare på ei utryddingstrua villaksstamme. Sjølv om forskrifta skulle opna for det, vil Lærdal elveeigarlag ikkje opna for fiske etter laks.

Vår vurdering: Laget har ingen merknadar knytt til å ikkje opne for fiske etter sjøaure. Laget vil ikkje opne for å fiske etter laks lokalt dersom forskrifta opnar for å fiske etter laks med mindre laksen kan stamme frå smoltutsetting i sjø som tidlegast kjem att i 2012. Vi legg til grunn retningslinene til Direktoratet for naturforvaltning der målet er å ha minst mogleg laks i vassdrag infisert av parasitten G*yrodactylus salaris,* og opnar for fiske etter laks i Lærdalsvassdraget 1.6-31.8.

Mørkriselvi:

Det kom ikkje merknader til forslaget om å avslutte sjøaurefiske 31.8.

Nausta:

Naustdal elveeigarlag: Laget meiner i prinsippet at fisketida skal vere som før dvs. 1.6 - 31.8 med lokalforvaltning og styring av fangstregimet. Styret vil fremje forslag til årsmøtet om å vidareføre dagens kvotesystem. Naustaprosjektet har mellom anna som mål å betre bygdeutvikling (næring) basert på lakseresursen. Ut frå delmål 1 ønskjer ein å oppnå ei berekraftig, prognosebasert lakseforvaltning kombinert med fangstkvotar. I forhold til delmål 2 er det viktig å oppretthalde ei lengst mogleg fisketid innanfor eit forsvarleg forvaltningsregime.

Vår vurdering:
Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning har vurdert gjennomsnittleg oppnåing av gytebestandsmålet siste fire år til 24 %. Beskatninga bør reduserast betydeleg for å sikre gytebestandsmålet. I 2008 vart det innført strenge restriksjonar på fiske med ein samlekvote på 30 mellom- og storlaks. Gytebestandsmålet vart av NINA vurdert som nådd i 2008 med 98 % sannsyn. I 2009 var samlekvoten på 100 mellom- og storlaks. Førebels resultat frå

gytefisketeljing hausten 2009 tyder på at gytebestandsmålet ikkje er nådd for 2009 (kjelde NINA). Gytebestandsmålet ser berre ut til å vere nådd i 2008 for perioden 2004-2009.

Nausta er ein av få elvar der det blir forsøkt å forvalte etter prognosar, og oppfølginga med fiskegranskingar er spesielt omfattande. Vårt forslag var å avkorte fiskesesongen med fire veker med to veker i starten og to veker i slutten av fiskesesongen. Bakgrunn for dette forslaget var at uttaket av fisk framleis såg ut til å vere for høgt. Det er framleis ønskje om å sette kvoter for fangsten lokalt. Kvotar bør settast utifrå prognosar om innsig og med tilråding frå NINA eller andre med tilsvarande kompetanse. Lokale kvotar må føreleggjast Fylkesmannen kvart år. Fisketida blir fastsett til 15.6-15.8 for laks og sjøaure. Dersom teljingar av gytefisk viser at laksebestanden stabiliserer seg over gytebestandsmålet, kan det vere aktuelt å utvide fisketida i perioden 2010-2014.

Norddalselva:

Det kom ikkje merknader til forslaget om å avslutte sjøaurefiske 31.8.

Nærøydalselvi:

Nærøydalen elveeigarlag: Det er ikkje grunnlag for stenging av Nærøydalselvi jf. gytefiskteljing frå land uført av Leif Magnus Sættem hausten 2009. Tal gytefisk har auka og gytemåla er nådd i høve areal på elva. Yngelutviklinga er god, og dei siste fem åra har fangstane vore gode. Elveigarlaget praktiserer målretta forvaltning av fiskestammane og har innført strenge lokal fiskereglar. Laget har redusert/halvert fiskesesongen i forhold til tidlegare, innført fredingstid og har dagleg fiskeoppsyn. All hofisk blir sleppt ut att.

Norsk villaksbevaring påpeikar at fangstatistikken for 2008 må vere feil. Dei meiner at laksebestanden er bygd opp til et nivå som ligg over tidlegare gjennomsnittleg nivå, då stamma var rekna for å vere sterk. 2009-tala for gytefisk gir eit klart uttrykk for ei særs positiv utvikling. Det blir hevda at innsiget i 2009 av gytefisk var sterk samanlikna med dei siste åra.

Vår vurdering: Det er utført to gytefiskteljingar hausten 2009 med ulik metodikk som no ligg føre. Teljing av gytefisk ved snorkling gav lågast tal registrerte gytefisk og gytebestandmålet vart ikkje nådd. Teljing frå land gav betre resultat, og gytebestandsmålet vart nesten nådd. Det er i 2009 avliva få laks under fiske. Berre 23 laks vart avliva, medan 124 laks vart sett ut att. Enno vart gytebestandsmålet som knappast nådd i 2009. Laget sin strategi med å setje ut att all hofisk er viktig for å nå gytebestandsmålet. I førebels rapport om undersøkingar av laks- og sjøaurebestanden 2006-2008 (rapp nr 475) frå NINA er det konkludert med at gytefiskebestanden har vore på eit forholdsvis lågt nivå i perioden 2000-2008.

Gytefiskregistreringane hausten 2009 gav ulikt resultat. Vi vektlegg teljingane som gav mest gytefisk. Utifrå dette kan det framleis utøvast eit svært forsiktig fiske. Vi oppmodar laget om å sende oss lokale fiskereglar kvart år. Laget må vurdere strengare kvoter dersom gytebestandsmålet ikkje blir nådd. Vi opnar for fiske etter laks 1.7 til 15.8 og etter sjøaure 1.7-31.8.

Osenelva:

Elvelaget Osen/Vestre Hyen: Det kom ikkje merknader til forslaget om å opprettehalde fiskesesongen som tidlegare, men med halvering av kvotane fastsett i 2008.

Vår vurdering:
Vi opprettheld sesongen for fiske etter laks 1.6- 15.8, men med halvering av kvotene fastsett i 2008 for vassdraget. Laget har fastsett følgjande kvotar; 1) Nedstraums Svardalsvatnet – 2 laksar pr veke, 2) Oppstraums Osvatnet til nedstraums Vasset – 3 laksar pr veke, 3) Oppstraums Vasset til nedstraums Blåmannsfossen – 2 laksar pr veke. Laget må vurdere

strengare kvoter dersom gytebestandsmålet ikkje blir nådd. Det blir innført midtvegsrapportering for Osenvassdraget. Det må avtalast tiltak med Fylkesmannen som skal gjennomførast dersom gytebestandsmålet ikkje ser ut til å bli nådd på grunnlag av midtvegsrapportering t.d. stenging av fiske. Dersom det viser seg at det er vanskeleg å nå gytebestandsmåla i kommande 5-års periode, kan ytterlegare restriksjonar for fiske bli fastsett i løpet av perioden. Fiskesesongen blir som tidlegare 1.6-31.8 for sjøaure. Laget regulerer sjølv ev. kvotar for sjøaure.

Oldenelva:

***Olden elveeigarlag*:** Laget ønskjer å flytte fiskestarten av laks og sjøaure frå 1. juli til 15. juni. Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning karakteriserer laksebestanden som berekraftig og alle teljingar av yngel har vist god rekruttering, også hausten 2009. Laget har vedtatt lokale reglar der berre fluge og sluk er tillate fiskereiskapar, maks seks stenger i elva samstundes og ein kvote på ein laks pr. stang og døger. Det er uttrykt ønskje om å få flytt forbodsgrensa for fiske frå land med stang i sjøen med minst 100 m.

Vår vurdering: Laksebestanden er fåtallig og sårbar for overfiske og påverknad frå rømt fisk. Andelen av oppdrettsfisk i vassdraget er høg, og det bør settast inn tiltak for å fjerne rømt oppdrettsfisk. Ein dårleg fangstsesong i 2009 kan indikere redusert innsig til elva, utan at vi kjenner beskatningsraten for vassdraget. Dette saman med prognosar om generelt redusert innsig og negative påverknadsfaktorar i havet, gjer at vi opprettheld fisketida for laks og sjøaure i vassdraget dvs. frå 1.7 til 15.8. Å flytte grensa for fiske med stang i sjøen må ev. gjerast gjennom anna regelverk.

Redalselva

Det kom ikkje merknader til forslaget om å ikkje opne for fiske etter laks og vi vedtek å ikkje opne for fiske etter laks i Redalselva.

Rivedalselva

Det kom ikkje merknader til forslaget om å ikkje opne for fiske etter laks og å avgrense fiske etter sjøaure til 31.8. Vi vedtek å ikkje opne for fiske etter laks i Rivedalselva. Fisketida for sjøaure blir sett til 1.7 - 31.8.

Sogndalselvi

Sogndal Jeger og Sportsfiskarlag og Arild Aase og Bente Foss:
Laget og eigarane av fossrettane meiner at gytebestanden i elva er stor nok og viser til registreringar av fisketeljarane i Fossfossen og Flugheimsfossen. Elva må bli opna for fiske frå 01.07 til 31.08.

Morten Bøthun har kome med to framlegg om alternativ fisketid i vassdraget. Alt 1. Fisketid i Sogndal 1.7-15.8. Høg vassføring i juli gjer det vanskelegare å sjå fisk samt å få fisken på kroken. Låg vassføring i august gjer det lettare å sjå kor fisken står. Oppgangen av sjøaure er sein og fleire sjøaure vil få gyte dersom avkorting av sesongen skjer i slutten av fiskesesongen. Alt 2. Fisketid 1.7-31.8 med freding av elva over Fossfossen i andre halvdel av august. Når elva har låg vassføring i august går laksen raskare opp elva og den stoppar ikkje lenge på elvas nedre parti. Derfor blir det ikkje teke så mange laksar under Fossfossen i august og freding ovanfor Fossfossen med ope fiske under Fossfossen vil sannsynlegvis ikkje gi så stort uttak av fisk.

Vår vurdering
Bestanden er fåtallig og sårbar for overfiske og påverknad frå rømt fisk. Særs høg andel rømt oppdrettsfisk (48,5 %) vart påvist gjennom avlesing av skjel frå sportsfiske i 2008. Ein dårleg fangstsesong i 2009 kan indikere redusert innsig til elva. Basert på resultat frå fisketeljaren har vi fått vurdert om gytebestandsmålet er nådd, og vurderinga er at gytebestandsmålet truleg ikkje vart nådd dei to siste åra. Vurderingane er utført av Norsk institutt for naturforskning (NINA) og er justert for andel rømt oppdrettsfisk. Dette saman med prognosar om generelt redusert innsig og negative påverknadsfaktorar i havet (føre-var), gjer at vi ønskjer å avkorte fisketida med to veker. Det har kome innspel om å avkorte fisketida på slutten av sesongen. Ved gjennomgang av registrerte fangstar fordelt på veker, kan det sjå ut til å vere like fornuftig å avkorte fiske i slutten av sesongen. Fangst av sjøaure i Sogndalselvi er låge, noko som tyder på ein marginal bestand. Fangstane rundt 1990 var langt høgare. For å sikre tilstrekkeleg med gytefisk av sjøaure, vil vi avgrense fiske etter sjøaure til 15.8. Fisketid blir sett til 1.7 til 15.8 for laks og sjøaure. Urovekkande låge fangstar dei siste åra som kan tyde på redusert innsig, gjer at vi innfører midtvegsrapportering for vassdraget.

Storelvi (Fjærland):

Det kom ikkje merknader til forslaget om å avslutte fiske etter laks og sjøaure 31.8.

Stryneelva:

Det kom ikkje merknader til forslaget om å avslutte sjøaurefiske 31.8.

Vetlefjordelvi:

Det kom ikkje merknader til forslaget om å avslutte sjøaurefiske 31.8.

Vikja:

Vik jakt- og fiskelag: Laget vil oppretthalde fisketida 15.6 – 15.9. Vikja er ei sein elv. Laksen har eit stort fredingsområde i kraftverkstunnelen øvst i elva. Gytebestanden av laks er godt over gytebestandsmålet for elva, men det er også behov for rogn til kultiveringsprosjektet ovanfor vandringshinder. Laget foreslår å ta ut gytefisk midt i sportsfiskesesongen for å sikre god kvalitet. Det lokale regelverket har freda elva fire timar kvar dag, avgrensa salet av fiskekort, og avgrensa tal stenger på visse plassar i elva. Laget leverer skjelprøver og øyrestein til analyse i rognplantingsprosjektet. Ein innkorting av sesongen vil medføre store økonomiske problem for fiskelaget, og meiner at dei sosioøkonomiske ringverknadane av fiske er viktige for ein liten kommune som Vik. Dei siste åra viser fangst og analyse av skjelprøver frå fiske større innslag av oppdrettsfisk på slutten av sesongen.

Vår vurdering: Vi foreslo å avslutte sesongen innanfor den generelle fisketidsramma med avslutning av fiske 31.8. Vik JFL ønskjer å halde fram med å fiske etter laks og sjøaure til 15.9. Fangsten av sjøaure dei seinare åra er marginal. Laksebestanden har vore innafor gytebestandsmålet alle år vi har data for, også om vi inkluderer behovet for stamfisk til kultiveringa. Mykje av gytebestanden står beskytta i kanalen frå kraftverket seint i sesongen. Dei lokale fangstavgrensande tiltaka er vi derimot usikker på om har effekt. Andelen rømt oppdrettsfisk i Vikja teke under sportsfiske og stamfiske er svært høg. Analyse av skjelmaterialet viser at andelen oppdrettsfisk er relativt stabil frå tidleg i juli og ut sesongen. Den høge oppdrettsandelen i elva, gjer at vi ønskjer å avslutte fiske 31.8. Det bør settast i verk målretta tiltak mot rømt oppdrettsfisk. Frå 1.9 bør det på grunnlag av søknad og ev. løyve, vere eit retta fiske mot rømt oppdrettsfisk.

Årdalsvassdraget (Hæreidselvi og Utla):

Fiskeutvalet ÅJFF har behandla forslaget om avkorting av fiske i Årdalsvassdraget frå 15.9 til 31.8. Det vart samrøystes vedteke å behalde fisketidene som i førre periode dvs 1.7-15.9. Innsiget av sjøaure i vassdraget er sein, som regel i månadsskiftet august/september. Laget har kome med følgjande forslag til regulering av fiske etter laks og sjøaure 2010-2014 i Årdalsvassdraget; 1) Ta opp berre ein sjøaure i døgnet, eller heve minstemålet 2) Stenge/frede fiske frå sjøen og opp til Køyrebru, Årdalstangen (ca. 200 m) 3) Auke oppsyn frå 8 til 10 fiskeoppsyn, for å ivareta dei nye reglane.

Vår vurdering; Gytefiskteling i 2007 og 2009 synte ein noko knapp gytebestand, medan fleire gytefisk vart registrert i 2008. Dette bilete samsvarer med det generelle bilete av den dårlege tilstanden for sjøaurebestandane i Sognefjorden. Det er vanskeleg å vurdere effekten av dei lokale fiskereglane som er føreslege. Det er ikkje oppgitt tal fiskarar gjennom sesongen og kor stor fangstreduksjon er venta å bli, dersom det blir sett ei fangsavgrensing på ein sjøaure i døgnet pr fiskar. Laget har ikkje oppgitt fangsten fordelt på veker, noko vi oppmoder laget om å gjere slik at vi kan vurdere når innsiget kjem. Innsendt skjelmateriale til Rådgivende Biologer AS kan tyde på at om lag 1/3 av fangsten av sjøaure blir teke i september. For å sikre tilstrekkeleg med gytefisk av sjøaure, vil vi avgrense fiske etter sjøaure til 31.8.

Årøyelvi:

Det kom ikkje merknadar til forslaget om å avslutte sjøaurefisket 31.08.

Andre merknader:

NJFF Sogn og Fjordane, Fiskeutvalet v/ Svein Arne Forfod sluttar seg til hovudlinene i forslaget og har ingen merknader knytt til den enkelte elv. Innspel på korleis forsterke laksebestandane med kultivering og fokus årsaker til nedgang for bestandane, er vektlagd i uttalen for elvefiske.

Lovheimel

Forskrifta er fastsett med heimel i lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. § 15 og § 33, jf. kgl.res. av 27. november 1992 nr. 877, jf. delegeringsvedtak av 24. februar 1993.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Merete Farstad
rådgjevar

Vedlegg: Forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Sogn og Fjordane 2010-2014

Adresseliste:

Namn	Kontaktperson	Adresse	Postnr.stad
Alsmo sameige	v/Norvald Teigen		6868 Gaupne
Arbeidsgruppa for kulitvering av Ryggjaelva	v/Håkon Sandvik	Rygg	6823 Sandane
Askvoll og Holmedal JFF	v. Roald Nordeide		6980 Askvoll
Aurland Elveeigarlag	v/Bjørn Vike	Orreveien 11	5101 Eidsvågneset
Aurland JFL	v/Geir Ove Bøthun		5745 Aurland
Balestrand JFL	v/Kjell Ove Baug		6899 Balestrand
Bergen Sportsfiskere		Damsgårdsveien 106	5058 Bergen
Bortnen elveeigarlag	v/Edvard Hartvigsen	Geilevegen 27A	6783 Stryn
Bryggja JFL	v/Magne Svoren	Maurstad	6711 Bryggja
Direktoratet for naturforvaltning	Tungasletta 2		7485 Trondheim
Eid Elveeigarlag	v/Arnt Ove Bjørlo		6770 Nordfjordeid
Eid JFL	v/Jan Inge kleppe		6770 Nordfjordeid
Eid sportsfiskelag	v/Ådne Sølvberg	Hennebygda	6770 Nordfjordeid
Bente Iren Foss / Arild Aase		Fosshaugen 10	6856 Sogndal
Ervik Jakt og Fiskelag	v/Reidulf Vik		6750 Stadtlandet
Fiskeretten ved Evebøfossen	c/o Hans Eikenæs	Boks 70	6821 Sandane
Fjaler JSFL	v/Vidar Jensen	Sentrum	6963 Dale i Sfj.
Flekke og Guddal Grunneigarlag	v/Hallvard Haaland		6968 Flekke
Flora JFF	v/Otto Åge Bergstrøm	Ragnarrud 20	6900 Florø
Flåm Elveeigarlag	v/Siver Wangen	pb 54	5743 Flåm
Fortun Elveeigarlag	v/Kjell Arvid Nyhus		6876 Skjolden
Fortun Grunneigarlag	v/Jakob Øygard		6877 Fortun
Framfjord grunneigarlag	v/Ledvin Dale		6893 Vik i Sogn
Frode Helgesen			6893 Vik i Sogn
Førde Elveeigarlag	v/Arne Høisæther	Viegjerdet	6800 Førde
Førde grunneigarlag (Ålfoten)	v/Martin Førde		6737 Ålfoten
Førde JFL	v/Olav Johan Årskaug	Angedale	6800 Førde
Gaula Elveeigarlag	v/Ole Rune Døskeland	Løvfallsfeltet	6973 Sande i Sfj.
Gaular JFL	v/Bjørnar Burdahl		6973 Sande i Sfj.
Gaupne grunneigarlag	v/Hans Edin Prestegård		6868 Gaupne
Gloppen Elveeigarlag	v/Leidulf Djupegot	Evebøvegen 10	6823 Sandane
Gloppen hotell v/ Dag Moen			6823 Sandane
Gloppen JFL	v/Dag Einar Gule	Nordåsen 58	6823 Sandane
Gulen JSFL	v/Geir Haveland		5966 Eivindvik
Grunneigar til Straumselva (Hopevassdraget)	v/Arild Straume		6829 Hyen
Hafstad elveeigarlag	v/Magne Hafstad		6800 Førde
Haugen og Dalen Grunneigarlag	v/Gunnar Lillestøl	Hjelmelandsdalen	6770 Nordfjordeid
Hope Grunneigarlag	v/Ottar N. Hope		6829 Hyen
Hordaland JFF		Tverrgt.4/6	5017 Bergen
Hornindal grunneigarlag	v/Ola Roar Fannemel		6973 Hornindal
Hyen JFF	v/Torgeir Vatndal	Rognkleiva	6829 Hyen

	Eimhjellen		
Hyllestad JFL	v/Ole Morten Fureli		6953 Leirvik i Sogn
Høyanger JFL	v/Svein Arne Forfod	Marcus Thranes gt. 13	6993 Høyanger
Indre Gloppen elveeigarlag	v/Bjørn Søreide		6823 Sandane
Indrehus grunneigarlag	v/Olav Myrhol		6723 Svelgen
Ivar J. Søreide		Søreide	6823 Sandane
Jonstad og Furehaug utmarkslag	v/Erik Horstad		6817 Naustdal
Jostedal grunneigarlag	v/Laila Gjerde		6871 Jostedal
Kjøs og Markane	v/Anne Karin Lungård Hove		6763 Hornindal
Kommunane i Sogn og Fjordane			
Kvamselva elveeigarlag	v/Reidar Aase		6977 Bygstad
Leikanger JFL	v/Svein Inge Lundheim	Lundevegen 14	6863 Leikanger
Loen Elveeigarlag	v/Asle Loen		6789 Loen
Luster JFL	v/Per Gunnestad	Pb. 10	6866 Gaupne
Lærdal Elveigarlag	v/Johannes Hunderi	Sturlasvei 15	0772 Oslo
Lærdal JFL	v/Johannes Stundal	Hanseskogen 35	6887 Lærdal
Morkadalen grunneigarlag	v/Helge Dalsbø		6750 Stadtlandet
Myklebust grunneigarlag	v/Olav Myklebust		6737 Ålfoten
Mørkridsdalen Elveeigarlag	v/Per Hauge		6876 Skjolden
Naustdal Elveeigarlag	v/Kjell Klopstad	Hukset	6817 Naustdal
Naustdal JFF	v/Torfinn Grøttebø	Helgåsvn. 106	6817 Naustdal
Nedre Bøfjordvassdragets grunneigarlag	v/ Ove Wolff	pb. 6	6951 Leirvik i Sogn
Nedrefloen grunneigarlag	v/Arne P. Sunde		6783 Stryn
Nemnda for fisket i Jølstra	v/Torbjørn Berqvam		6800 Førde
Nesbygda grunneigarlag	v/Ketil Nord		6770 Nordfjordeid
Norddalselva elveeigarlag	v/Arild Nordal	Norddalsfjord	6900 Florø
Norddalsfjord elvelag	v/Eivind Hutchings	Professor Gjelsvik vei 4c	6900 Florø
Norddalsfjord grunneigarlag	v/Gunnbjørn Midtbø	Norddalsfjord	6900 Florø
Nordsida grunneigarlag	v/Martin Lindvik		6770 Nordfjordeid
Norges grunneigar- og sjølaksefiskarlag S &F	v/Jan Lingaard		6919 Tansøy
Norsk Villaksbevaring AS		Uranienborg terasse 8	0351 Oslo
Norsk Villakssenter		Postboks 6	6887 Lærdal
Norske Lakseelver Sogn & Fjordane	v/Knut Eltun		6887 Lærdal
Nærøydalen Elveeigarlag	v/Gunnar Jordalen	Nærøydalsvegen 286	5713 Vossestrand
Olden Elveeigarlag	v/Kristen Brynestad		6788 Olden
Ommedal elveeigarlag	v/Jakob Os	Straume	6829 Hyen
Oppstryn grunneigarlag	v/Jon B. Nesje		6783 Stryn
Ortnevik Grunneigarlag	v/Tor Brekke	Ada Arnfinnsens vei 6C	7036 Trondheim
Os jakt- og fiskelag	v/ Paul Lekven	Søreneset	5200 Os
Osen gard	v/Helge Anonsen		6940 Eikefjord
Osen/Vestre Hyen Grunneigarlag	v/Aslak Svardal	Svardal	6940 Eikefjord
Redal grunneigarlag	v/Arntor Underlid		6817 Naustdal

Rimstad og Totland utmarkslag	v/ Olav Gjesdal		6711 Bryggja
Rivedal grunneigarlag	v/ Jan Audun Rivedal		6982 Holmedal
Rygg og Grov Grunneigarlag	v/Tom Wilke		6823 Sandane
Røneid Grunneigarlag	v/Jan Edvardsen		6868 Gaupne
Selje JFF	v/Svein Barmen		6750 Stadtlandet
Sjølaksefiskarar i Eidsfjorden	v/Kjell Magne Åshamar		6770 Nordfjordeid
Skjolden Grunneigarlag	v/Oddvar Bolstad		6876 Skjolden
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag		Liabøen	6817 Naustdal
Sogn og Fjordane Bondelag		pb. 153	6801 Førde
Sogn og Fjordane Fylkeskommune			6863 Leikanger
Sogn og Fjordane JFF	v/Reidun Solberg Seim		6823 Sandane
Sogn og Fjordane politidistrikt			6900 Florø
Sogn og Fjordane Skogeigarlag		pb. 185	6801 Førde
Sogndal Elveeigarlag	v/Jens E. Skjeldestad		6856 Sogndal
Sogndal JSFL	v/Gry Tokvam	Stølen 95	6856 Sogndal
Solheim elveeigarlag	v/Rune Solheim	Norddalsfjord	6900 Florø
Stryn elveeigarlag	v/Dag Olav Skrivervik	Eddavn. 12 A	0772 Oslo
Stryn og Hornindal JSFL	v/Øyvind Hopland	Bjørkevegen 27	6783 Stryn
Strynsvatnet Grunneigarlag	v/Lars Henrik Skår	Mindresunde	6783 Stryn
Sudstranda grunneigarlag	v/Anders Skrede		6779 Holmøyane
Svelgen JFF	v/Alf Håøy	Sandeveien 21	6723 Svelgen
Systrond Grunneigarlag	v/Jackob Holen	Gjertrudbakken 13	6863 Leikanger
Søreide grunneigarlag	v/Anders Søreide		5962 Bjordal
Sørgulen JFL	v/Arne Sørgulen	Sørgulen	6723 Svelgen
Vetlefjorden Grunneigarlag	v/Sigmund Feten		6899 Balestrand
Vevring og omland fjordfiskarlag	v/Jakob Thingnes		6817 Naustdal
Vigdis Våtevik			6848 Fjærland
Vik Elveeigarlag	v/Nils Vange		6893 Vik
Vik JSFL	v/Morten Jacobsen		6893 Vik i Sogn
Vågsøy sportsfiskarlag	v/Frode Rutledal Holvik		6700 Måløy
Aa sameige	v/Kurt Djupvik		6829 Hyen
Årdal JFF	Svein Jarle Moen	Utlastova	6884 Øvre Årdal
Årøy gard	v/Nina Munthe Olsen	Årøy	6856 Sogndal